



Austrheim vidaregåande skule  
Helge Dyrkolbotn

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/188 - 23/1315

Saksbehandlar:

Atle Vaage

atle.vaage@austrheim.kommune.no

Dato:

03.02.2023

## Løyve til mellombels bruk av gbnr 142/85 og 124 Austrheim vidaregåande skule

Viser til telefonsamtale og synfaring 18/1 2023.

Austrheim vidaregåande får med dette løyve til å plassera mellombels tiltak på Austrheim kommune sine eigedomar;

Gnr 142, bnr 85

Gnr 142, bnr 124

Det aktuelle området er vist på vedlagte kartutsnitt.

Løyvet gjeldt for følgande tiltak;

Grusa tursti inntil 2 meters breidde.

Gapahuk inntil 15 m2.

Krav til utforming;

Tursti skal ikkje leggjast nærare enn 10 meter frå grensa for Austrheim kommune sine eigedomar. Stien skal i størst mogleg grad følgja terrenget. Det skal ikkje gjennomførast sprenging. Gravearbeid skal haldast på eit minimum, sti skal primært anleggast ved bruk av underlagsduk og eit mindre lag fyllmasse.

Gapahuk kan byggast i ei høgd, takvinkel skal vera tilpassa omkringliggende bustader. Opning i gapahuk skal ikkje venda mot bustadområda.

Vilkår for bruk av eigedom;

- Austrheim vidaregåande skule står ansvarleg for å undersøka eventuelle behov for søknadar, inkludert å kartleggja eventuelle krav i høve kablar og VA-anlegg.
- Austrheim vidaregåande står ansvarleg for tryggleiken til alle som medverkar i arbeidet med å opparbeida sti og gapahuk.
- Løyve til bruk av eigedomane er mellombels, og kan trekkast inn att med ei varslingsstid på 3 mndr. Dersom Austrheim kommune trekker tilbake løyvet, pliktar Austrheim vidaregåande å tilbakeføra arealet etter nærare avtale med kommunen. Tilbakeføringa omfattar og avhending av alt materiell som er nytta til godkjent mottak.

- Tursti og gapahuk skal vera ope for allmenn bruk utanfor skuletida.
- Austrheim vidaregåande har ansvaret for å halda området fritt for søppel.

Med helsing

Atle Vaage  
leiar teknisk drift

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kartskisse Gapahuk og trimløype

**Mottakarar:**

Austrheim vidaregåande skule